

1. JANUAR 2019



*Bildekilde: Læringsmiljøsentret*

## RETNINGSLINJER FOR ELEVRÅD VED SKULANE I KVITSEID KOMMUNE

KVITSEID KOMMUNE

## **Føremål med elevråd**

Elevmedverknad og demokrati er viktige grunnprinsipp i norsk skule. Ein måte å vareta dette i praksis, er gjennom elevrådet.

Elevrådet skal vera ein arena for å gje elevane reell påverknad på sin eigen skulekvardag.

Elevrådet skal bidra til arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø ved å fremje elevane sine fellesinteresser og uttale seg i alle saker som gjeld elevane på skulen og i nærmiljøet.

Elevrådet skal vera eit bindeledd mellom elevane og skuleleiinga, og mellom elevane og andre organ for brukarmedverknad i skulen.

## **Lovkrav**

### ***Opplæringslova § 11-2***

#### **Elevråd ved grunnskolar**

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

### ***Barnekonvensjonen***

Alle barn har rett til å seie meininga si, og deira meining skal bli tatt på alvor.

## **Oppretting av elevråd**

Grunnskular med årstrinn 5-7 og/eller 8-10 skal opprette elevråd ved skulestart kvar haust.

Skular med årstrinn 1-4 kan opprette elevråd, og oppmodast til dette.

<i>Oppgåve</i>	<i>Ansvar</i>
Ved skulestart kvar haust skal det vera ein lærar som har funksjon som elevrådskontakt.	Rektor
Innan tre veker etter skulestart om hausten skal alle klasser frå 5.-10. trinn ha valt to representantar til elevrådet. Helst ein av kvart kjønn frå kvar klasse.	Elevrådskontakt
Seinast fire veker etter skulestart om hausten skal fyrste møte i elevrådet haldast. Rektor deltek på møtet, saman	Elevrådskontakt

med elevrådskontakten. På møtet skal det veljast leiar, nestleiar og sekretær til elevrådet.	
På fyrste møte om hausten skal elevrådet få opplæring i kva elevrådsarbeid inneber og informasjon om kva for rettar elevrådet har.	Rektor
Leiar for elevrådet set opp møteplan for skuleåret i samarbeid med kontaktlærer for elevrådet. Elevrådet skal ha minst fem faste møter per skuleår. Møter i elevrådet skal koordinerast slik at dei ligg i forkant av møte i SU/SMU. Elevrådet sin møteplan skal gjerast kjent for elevane på skulen. Den skal og sendast til rektor, leiar for FAU og leiar for SU og SMU.	Elevrådskontakt i samarbeid med rektor

### **Retrane til elevrådet**

*Rektor skal informere om desse rettane på fyrste møte i elevrådet om hausten:*

- elevrådet har rett på og skal få informasjon om alt som er viktig for skulemiljøet
- elevrådet skal bli tatt med på råd i arbeidet med skulemiljøtiltak
- elevrådet har rett til å uttale seg og koma med framlegg i alle saker som gjeld skulemiljøet
- elevrådet har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø
- elevrådet har rett til å uttale seg i saker som gjeld nærmiljøet

### **Handsaming av saker i elevrådet**

Elevrådsleiar i samarbeid med elevrådskontakten har ansvar for at innkalling med saksliste og ev. saksdokument blir sendt til alle representantane seinast ei veke innan møte i elevrådet.

Elevrådet skal handsame saker frå klassene og frå skuleleiinga. Det er elevrådskontakten som har ansvar for at sakene blir følgt opp, og at elevrådet utan ugrunna opphald får tilbakemelding i sakene dei fremmer. Sakene elevrådsleiar tek opp med rektor, er det rektor som utan ugrunna opphald har ansvar for at elevrådet får tilbakemelding på.

Elevrådskontakten har ansvar for å rettleie elevrådet i arbeidet med å gjera sakene deira høyrte.

FAU, SU og SMU kan be elevrådet uttale seg i saker.

I forkant og i etterkant av eit elevrådsmøte skal elevrådsrepresentantane ha avsett tid i klassene til å ta opp saker. Kontaktlærer i klassene har ansvar for at det blir sett av tid, og å hjelpe til og legge til rette for elevrådsrepresentantane sitt arbeid i klassene. Dersom elevrådsrepresentantane treng tid i forkant eller etterkant av eit møte i elevrådet til å førebu seg, skal dei ha høve til dette. Kontaktlærer har ansvar for at det blir sett av tid til dette.

Elevrådskontakten skal hjelpe til med førebuing, om det er behov for dette. Rektor syter for at alle kontaktlærarar blir orientert om denne retten ved starten av eit nytt skuleår. Dersom elevrådsrepresentantar opplever at dette ikkje blir tatt omsyn til, har dei rett til å klage til rektor.

### **Elevrådet sitt arbeid med skulemiljøet**

Elevrådet skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet skal årleg gje tilbakemelding til rektor på delen av elevundersøkinga som gjeld trivsel og skulemiljø og koma med skriftleg innspel til den årlege tilstandsrapporten om skulemiljøet. Elevrådet skal også årleg evaluere skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor har ansvar for at elevrådet blir informert om retten til eit trygt og godt skulemiljø, både psykososialt og fysisk, kvar haust, jf. opplæringslova § 9a. Dette blir gjort på eit elevrådsmøte. Materiell som kan brukast til orienteringa ligg her: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>. Elevrådet skal også informerast om skulen sitt systematiske arbeid med det psykososiale miljøet jf. «Plan for eit trygt og godt skulemiljø i Kviteseidsskulane».

Dersom det skjer endringar i skulemiljøet i løpet av skuleåret som krev tiltak, eller skulen ynskjer å sette inn nye tiltak av andre årsakar, har rektor ansvar for at elevrådet får høve til å uttale seg i saka.

### **Årshjul for arbeid med faste saker i elevrådet**

September	Val av leiar, nestleiar og sekretær. Opplæring i elevrådsarbeid og informasjon om rettar.
Haustralvåret	-Vernerunde knytt til trygt og godt skulemiljø på heile skulen sitt område. Rektor deltek på møtet. -Informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, både psykososialt og fysisk. -Informasjon om skulen sitt systematiske arbeid med det psykososiale miljøet.
Vårhalvåret	Elevundersøkinga
Vårhalvåret	Evaluering av skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skulemiljø. Framlegg til endringar og tillegg. Rektor deltek på møtet. Elevrådet si evaluering blir lagt fram på møte i SMU.

### **Samarbeid med skuleleiinga og andre organ for brukarmedverknad i skulen**

Elevrådsleiar, saman med elevrådskontakten, skal ha møte med rektor i etterkant av kvart elevrådsmøte, dersom rektor ikkje sjølv har deltatt på elevrådsmøtet. På møtet skal elevrådsleiar leggje fram saker frå elevrådet. Elevrådskontakten skal i forkant av møta med rektor hjelpe elevrådsleiar med å systematisere og velje ut sakene som skal leggjast fram.

Rektor har ansvar for at elevrådet får tilbakemelding utan ugrunna opphald på sakene dei legg fram.

På møte i SU og SMU har rektor ansvar for at sakene elevrådet har tatt opp med skuleleiinga blir referert.